



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Juridisk rådgjevar - 100% vikariat

Stillingsinformasjon

Meland kommune treng ein vikar for juridisk rådgjevar ved eigedomsforvaltning, for snarleg tilsetting. Vikariatet vil gå 3 mnd inn i Alver frå 2020.

Rådgjevaren inngår i eit team med tre prosjektrådgjevarar/prosjektleiarar og to eigedomsforvaltarar.

Teamet handterer store og små investerings- og utbyggingsoppgåver i Meland, og driv saksbehandling og forvaltning av kommunale eigedomar og anlegg.

Arbeidsplass

Meland kommune har 18 medarbeidarar med oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg, offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk og kommunal eigedom. Frå 2020 sorterer oppgåvene inn under Eigedomsforvaltning i Alver, i eit større fagmiljø.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar forvaltning og saksbehandling hovudsakleg knytt til bygg, infrastruktur, VA-anlegg og miljø. Eksempelvis avkjørsler, trafikksikring, tilsyn VA-anlegg, ureiningssaker, grunnavtalar, innkjøp, utbyggingsavtalar, forskriftsarbeid. Arbeidet omfattar t.d. planlegging, saksbehandling, oppfølging og rapportering.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har juridisk embeteksamen, evt. master i rettsvitenskap. Relevant erfaring er av stor betydning. Du må like utstrakt kontakt med ulike partar og aktørar, samstundes som du må kunne ta ansvar og arbeide sjølvstendig. Du må sjå verdien av ei tverrfagleg tilnærming til oppgåvene, og ha forståing for samfunnsoppdraget.

Vi tilbyr

Løn etter avtale.

God pensjonsordning.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 24.02.2019

Utlyst dato 05.02.2019

Vårref

114/19

Kontaktperson

Berit M Eskeland, Prosjektrådgjevar, tlf: 56171168, mobil: 454 45 602, berit.eskeland@meland.kommune.no

Anny Bastesen, Sektorsjef Teknisk Meland, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no